



Visjon og verdier

KLAR for Stranda

Revidert 2016 og godkjent på årsmøte 16.02.2017

STRANDA FOTBALL

Innleiing

Stranda Fotball har alltid vore ein av Sunnmøre sine største klubbar. Ved starten av det nye årtusenet var Stranda Fotball den aller største klubben og hadde i overkant av 30 lag påmeldt i serien. Og aktiviteten i dag er framleis høg. Meir enn 90% av barn og unge innom Stranda Fotball i dei yngste speleklassene og vel 75% av alle borna i kommunen mellom 7-13 år er aktive i klubben. Dette er truleg i Noregstoppen, og er noko som ein bør etterstreve å oppretthalde, og kanskje auke.

Norges Fotballforbund sin visjon er "*Fotballglede, muligheter og utfordringer for alle*", og alle fotballklubbar i Noreg skal basere drifta og aktiviteten sin på fotballens verdigrunnlag.

Stranda Fotball er ein breiddeklubb med eit klart mål om å vere med på å skape eit sunt og trygt oppvekstmiljø for flest mogleg i Stranda kommune.

Stranda Fotball har laga ein eigen retningsgivande visjon basert på fotballforbundet sin overordna visjon. All aktivitet i Stranda Fotball skal vere tufta på klubben sitt verdigrunnlag. Dette dokumentet viser kva som ligg i Norges Fotballforbund sin visjon, skal presentere og tydeleggjere kva som er klubben sin visjon, kva som er overordna mål, og kva verdier som ligg til grunn for aktiviteten.

Visjonen, dei overordna målsetjingane og verdiane skal vere grunnlaget for all aktivitet, for alle beslutningar, og alle prioriteringar som blir gjort i klubben.

Det er styret i klubben som har utforma dokumentet om visjon og verdier. Styret kan kome med forslag om redigering, men alle endringar kan kun skje etter vedtak på årsmøtet.

STRANDA FOTBALL

Noregs Fotballforbund sin visjon:

" Vår visjon er fotballglede, muligheter for alle"

Det betyr for alle klubbar i Noreg at:

- Fotballen skal vere open og inkluderande
- Ingen skal stengast ute, uansett sosial eller kulturell bakgrunn, funksjonsnivå, alder og kjønn.
- Alle skal kunne få eit tilbod tilpassa:
 - eige ferdigheitsnivå
 - eigne ønsker
 - eigne behov
 - eigne ambisjonar
- Organisasjonane skal pregast av trivsel, glede og fellesskap.
- Aktivitetar skal bygge på verdier som:
 - respekt
 - toleranse
 - likeverd
 - solidaritet

Stranda Fotball sin visjon:

"Stranda Fotball skal vere eit fellesskap for individuell og kollektiv utvikling i eit trygt og godt miljø."

- Stranda Fotball sin visjon er tufta på ynskje om å være ein breiddeklubb som skaper trygge og gode rammer i lokalsamfunnet.
- Suksess blir ikkje målt gjennom kampresultat, men gjennom kor mange som deltek.
- Hovudmandatet er å skape gode oppvekstvilkår, der ein brukar fotballen til å bidra til å skape trygge, gode, kjekke og sunne menneske.

Nesten alle born og unge har delteke på fotballaktivitet i Stranda Fotball, og meir enn 70% av alle borna er aktive i klubben over lengre tid. Dette gjer at Stranda Fotball til ein stor og viktig aktør i lokalsamfunnet, med eit klart ansvar for aktiviteten er inkluderande og trygg for alle. Klubben og fotballaktiviten skal vere ein arena for meistring, utvikling og trivsel. Eit breidt og høgt aktivietnivå er overordna gode kamp- og serieresultat. Ein har likevel tru på, og sett fleire døme på at nettopp slike idrettsmiljø vil kunne fostre idrettsutøvarar på nasjonalt nivå.

STRANDA FOTBALL

Målsetjingar

For å sikre at klubben heile tida strekkjer seg mot eigen visjon har ein formulert ein del målsetjingar:

Stranda Fotball ønskjer:

- 1. At 75 % av alle barn under 13 år skal spele fotball. Både jenter og gutar.***
- 2. At alle barn og unge skal ha vore på ei trening med Stranda Fotball.***
- 3. At den som ikkje er aktiv som spelar eller trenar søker seg til andre roller i "fotballfamilien".***
- 4. At det er kontinuitet på trenar- og leiarsida.***
- 5. At spelarar frå naboklubbane våre ser på oss som den naturlege klubben å gå til, når dei sjølv manglar tilbod i moderklubben sin.***
- 6. At Stranda Fotball stille lag i alle SFK sine årsklasser.***

Dersom klubben delvis eller heilt når desse måla så har ein langt på veg lukkast med å skape eit trygt og godt miljø, for individuell og kollektiv utvikling.

STRANDA FOTBALL

Klubben sitt verdigrunnlag:



Kunnskap:

- Trening og kampaktivitet skal vere basert på kunnskap, ikkje berre på erfaring.
- Barn og unge kan forvente å lære i Stranda Fotball
- Treningar og leiarar i Stranda Fotball skal søkje kunnskap gjennom kurs og samlingar i regi av Sunnmøre Fotballkrets, Norges Fotballforbund og Norges Idrettsforbund

Lojalitet:

- All treningsverksemd skal vere i tråd med Stranda Fotball sine verdier, mål og retningslinjer.
- Som medlem skal i Stranda Fotball tek ein aktiv del i å vidareføre arbeidet til klubben, internt og eksternt.
- Som medlem i Stranda Fotball skal ein vere god og lojal kollega som søker samarbeid og utvikling i lag med klubben sine organar og treningsgrupper.

Ansvar:

- Alle har eit ansvar for å representere klubben på ein god måte og i tråd med NFF, SFK og Stranda Fotball sine verdier, mål og retningslinjer.
- Alle har ansvar for å delta på dugnadar og arbeidsoppgåver som Stranda Fotball prioriterer for dei ulike treningsgruppene.
- Alle har eit ansvar for å gjere klubben til ein stad for trivsel og utvikling. Open kommunikasjon er viktig. Ein snakkar med folk, ikkje om folk.

Respekt:

- Alle må respektere Stranda Fotball sine verdier, mål og retningslinjer.
- Alle må vise respekt for slutningar som er tekne i klubben sine organar.
- Alle må arbeide for at spelargruppa handlar i tråd med Fair Play-reglar.
- Alle må behandle andre som er involvert i fotballen med respekt.

STRANDA FOTBALL